

Helse Førde HF

Deres ref.:  
2020/2871

Vår ref.:  
20/02363-4

Dato:  
20.04.20

## Høyringsinnspel frå Høgskulen på Vestlandet

Høgskolen på Vestlandet (HVL) takker for invitasjonen til å sende høyringsinnspel på den reviderte strategien for Forsking og Innovasjon i Helse Førde. Fakulteta ved HVL vart invitert til å komme med innspel og desse er inkludert i HVL sitt høyringsinnspel.

Helse Førde har særskilde gode moglegheiter til å gjennomføre forskning og innovasjon i godt samarbeid med kliniske avdelingar, kommunar, lokalt næringsliv og Høgskulen på Vestlandet. I perioden frå 2020 til 2025 skal Helse Førde vidareutvikle desse moglegheitene gjennom forskings- og innovasjonsverksemd med høg kvalitet, av internasjonal interesse og med lokal nytte. HVL har følgande innspel på Forskings- og innovasjonsstrategi Helse Førde 2020-2025:

- Det er positivt at strategien har eit tydeleg fokus også på innovasjon. Kunne det vore sagt noko om (bygging av) innovasjonskultur?
- Overordna mål for strategien er ein varig forskings- og innovasjonsorganisasjon, og det framhevast at i praksis betyr dette målet «at dei vanlege organisasjons- og leiarlinjene er gjort i stand til å forstå og leie forskning». Tiltakspakke 1 seier at «Leiarar i Helse Førde skal gjerast i stand til å leie forskning og innovasjonsarbeid» og tiltakspakke 5 har som mål å «sikre gode karriereveggar for tilsette med forskingskompetanse». Eit viktig moment som bør nemnast i tilknytning til desse måla er å sikre at både leiarar på ulike nivå og tilsette som skal vere prosjektleiarar for forskings- og innovasjonsprosjekt, får innsikt i og kompetanse på prosjektleiing av slike prosjekt.
- I Helse Førde sin noverande strategi er det to tematiske forskingsatsingar: Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og rus (PHR), leidd av høvesvis John Roger Andersen og Christian Moltu. Eit av tiltaka i tiltakspakke 3: *Vidareføring og utviding av strategiske forskingsatsingar*, er å etablere eit forprosjekt for ei tredje tematisk satsing innan 2022. HVL foreslår at implementeringsforskning burde inngå i strategien som eit tredje satsingsområde. HVL har både forskargruppe og kompetanse å bidra med. Implementering av forskning er ei naturleg fortsetjing av dei to sterke tematiske forskingsmiljøa nemnt ovanfor.
- Under tiltakspakke 8: *Målrette rekruttering*, er eit av tiltaka «målretta samarbeid med universitets- og høgskulesektoren om delte stillinga». Kandidatar til kombinerte stillingar bør ha doktorgrad for å sikre nær tilknytning mellom undervisning, forskning og klinikk. Det kan gjerne spesifiserast i kompetansekrav for delte stillingar at doktorgrad anbefalast.

---

**Postadresse**  
Høgskulen på Vestlandet  
Postboks 7030  
5020 Bergen  
post@hvl.no

**Telefon**  
+47 55585800  
**Internett**  
www.hvl.no  
**Org.nr.** 917 641 404

**Fakturaadresse**  
Høgskulen på  
Vestlandet  
Fakturamottak  
Postboks 363 Alnabru  
0164 Oslo

**Avdeling**  
AFII - Avdeling for  
forskning,  
internasjonalisering  
og innovasjon

**Saksbehandlar**  
Eirin Fausa Pettersen  
Telefon: +4795143100

- Helse Førde har støtta mange i fullførte og pågåande doktorgradsløp, men desse har vore tatt opp ved andre utdanningsinstitusjonar enn HVL. I målsetting med å auka delen tilsette med doktorgradskompetanse bør fleire framtidige ph.d.-kandidatar bli knytt til HVL sine ph.d.-program Helse, funksjon og deltaking og Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG).

Med helsing

Gro Anita Fønnes Flaten  
Prorektor for forskning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.*

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Deres ref.:**

**Vår ref.:**  
2020/3113 - 41439/2020

**Saksbehandler:**  
Svein Skeie

**Dato:**  
20.04.2020

## Høringsuttalelse vedrørende strategi for forskning og innovasjon i Helse Førde

Det vises til brev til Helse Stavanger av 16.03, hvor det inviteres til kommentarer i forhold til den nye strategien for perioden 2020-2025 for forskning og innovasjon i Helse Førde. SUS takker for muligheten til å bidra inn i strategiarbeidet.

Det overordnede bakteppet og Helse Førde sin visjon knyttet til forskningen er svært positiv og en synes å vektlegge lokale fortrinn på en konstruktiv måte med *kunnskap, samarbeid og verdiskaping* som overskrifter. Målet er å skape en varig forsknings-organisasjon i 2025, mindre avhengig av enkeltpersoner og enkeltmiljø og mer robust. Det er ikke vanskelig å være enig i dette perspektivet både for Helse Førde og for andre. For å nå dette målet har en beskrevet åtte tiltakspakker som en del av strategien. En ser det som særlig viktig med lederperspektivet som tydeliggjør ansvaret for forskning og innovasjon, dette eierskapet er svært sentralt for å nå målsettingen. Dette fokuset kombinert med stab- og støttefunksjoner vurderes som særlig viktige forutsetninger for å ha effekt av de andre seks tiltakspakkene som er mer konkrete og mindre organisasjonspregede. I strategien listes det også opp konkrete indikatorbaserte mål for 2023 og 2025 noe som er tydeliggjørende og vurderes som svært positivt.

Det er noen forhold som SUS kan utfordre foretaket på og som kan vurderes som innspill til strategiarbeidet.

Det første er regionalt samarbeid. Det er en stor satsing på å øke vår felles forskningsproduksjon i Helse Vest og en del av dette er å etablere en felles biobankstruktur for hele regionen. Biobanking er nært knyttet til klinisk forskning og alle fire helseforetak i regionen er koblet til samme system. Dette kan gi gode muligheter for økt klinisk forskning også i Helse Førde, både lokalt men også som en regional satsing. Felles infrastruktur gir gode muligheter i forhold til kliniske behandlingsstudier som heller ikke er spesielt nevnt i

strategien men som bør være en målsetting for foretaket. Nå er graden av aktivitet i kliniske behandlingsstudier knyttet til finansieringen av foretaket og slik sett viktig på flere måter.

Vårt andre punkt er at en med fordel kunne se et tydeligere fokus på ekstern finansiering av forskningen og avhengigheten knyttet til dette. Erfaringsmessig er det vanskelig å løfte vekst i forskning over eget driftsbudsjett og en bør ha ambisjoner både i forhold til Helse Vest, forskningsråd og EU prosjekter for å finansiere fremtidig vekst. Også her vil samarbeid med andre foretak i regionen og nasjonalt/internasjonalt være særlig viktig.

Vennlig hilsen  
Forskningsavdelingen

Svein Skeie  
Direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ingen signatur*

*All elektronisk post sendes til [post@sus.no](mailto:post@sus.no)*

**Fra:** Kjetil Kvåle (kjetil@kpsf.no)

**Sendt:** 15.04.2020 21:19:46

**Til:** Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde

**Kopi:** Kleiven, Anne Kristin; Myklebust, Marianne Schiefloe

**Emne:** Hyringsinnspel

**Vedlegg:** Høyringsinnspel frå KPSF.Forskings- og innovasjonsstrategi 2020-2025.pdf

Hei

Takk for tilsendt utkast til strategi. Her har det vorte gjort mykje godt arbeid. Eg tillet meg likevel å komme med nokre innspel. Kunnskapsparken tok initiativ til eit fellesprosjekt i 2017 - eit prosjekt der ein skulle freista å auka fokus/kultur på innovasjon og nyskaping i Helse Førde sin organisasjon. Prosjektet vert etablert som eit treårig prosjekt. I evalueringa etter tre år, har ein no konkludert med at satsinga vert etablert som ei fast ordning, gjeldande frå 1.april 2020 og slik sett må vi kunne seie oss nøgde med prosjektet. Vi vil då meine at det ville vere naturleg å knyte Kunnskapsparken endå tettare opp til satsingane innan innovasjon i Helse Førde, og soleis skrive Kunnskapsparken inn i strategien for perioden 2020 - 2025.

Innspela er:

Side 5, andre avsnitt - nytt kulepunkt

"Tilgang til regionale og nasjonale verkemiddel innan næringsutvikling, kommersialisering og finansiering, gjennom formalisert samarbeid med Kunnskapsparken"

Side 5, tredje avsnitt - kulepunkt 4

"Samarbeid med næringsliv OG VERKEMIDDELAPPERAT i regionen knytt til forskning og innovasjon"

Side 5, tredje avsnitt - kulepunkt 6

Legge til - "og Campus Sogndal" på slutten av setninga.

I tabellen på side sju - INNOVASJONSINDIKATORAR, er det helt korrekt lagt opp til ein auke i antall prosjekt i kommersialiseringsfase. Det vil då vere naturleg å peike på verkemiddel som skal nyttast for å nå dette målet.

I boksen for mål 6 har vi lagt inn eit nytt strekpunkt

"Vidareutvikle og styrke samarbeidet med Kunnskapsparken"

Høyringsnotatet med våre kommentarar ligg vedlagt (opne PDF, klikk på verktøy etterfølgd av å klikke på kommentarar).

Med venleg helsing

**Kjetil Kvåle**  
**Dagleg leiar**

95 20 65 74  
Kunnskapsparken  
[kpsf.no](http://kpsf.no)



HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**  
2020/1954 - 16276/2020

**Sakshandsamer:**  
Anne Lise Kvalevaag

**Dato:**  
26.03.2020

## **Høring - revisjon av strategi for Forsking og Innovasjon i Helse Førde**

Helse Fonna ønsker å gi honnør til vedlagte revisjon av Strategi for Forsking og Innovasjon Helse Førde 2020-2025.

Den har klar, lett kommuniserbar overordne målsetning som viser retning for forskning i Helse Førde de neste fem år; En varig forskningsorganisasjon. I tillegg til å legge vekt på nasjonale og regionale føringer legger den særlig vekt på lokale forhold, ressurser og fortrinn. Den fokuserer på tre områder samarbeide, kunnskap og verdiskapning. Som eksempel er vektleggingen av samarbeide lokalt mot f.eks. Høgskolen på Vestlandet, Campus Førde og lokalt næringsliv.

Strategiens fokus på samarbeid og ansvar internt i foretaket for forskning i linjeledelse, støttetjenester understøtter at forskning er en av foretakenes kjerneoppgaver. Strategien er delt i åtte målområder med tiltakspakker. Målene er klare, operasjonaliserte og ambisiøse med tilhørende tiltakspakker som er lett kommuniserbare. For å nå målene påpekes også risikoområder som ressurstilgang, kunnskap i linjeledelsen og organisasjon og den potensielle motsetningen mellom forskning og klinikk.

Helse Fonna mener at den reviderte Strategi for Forsking og Innovasjon 2020-2025 vil til å være et godt redskap for Helse Førde for målene for forskning i foretaket.

Vennleg helsing  
Forskning og innovasjon

Anne Lise Kvalevaag  
Seksjonsleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur*

HELSE FØRDE HF  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

## Høyringsuttale strategi for forskning og innovasjon Helse Førde

Vi viser til dykkar høyringsbrev med dato 16. mars 2020, formidla på e-post til seksjonssjef Endra Høgalmen i Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv den 27. mars.

Her er uttale frå Vestland fylkeskommune. Uttalen har ikkje vore behandla politisk.

**Samarbeid** er løfta fram som det særlege fortrinnet - og den viktigaste metoden - for forskning og innovasjon i Helse Førde. Samarbeidet skal vere konkret og forpliktande. Samarbeid med eksterne inkluderer kommunane, næringsliv og akademiske institusjonar i regionen er tenleg og heilt i tråd med den praksis Helse Førde har hatt over tid.

I den samanheng kan vi peike på at fylkeskommunen har ansvar og roller på tilgrensande ansvarsområde, spesielt den offentlege tannhelsetenesta men også det breie folkehelsearbeidet.

### Tannhelse

Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal sørge for at tannhelsetenester er tilgjengeleg for alle som bur og midlertidig oppheld seg i fylket vårt. I dette arbeidet er også tannhelsetenesta sitt kompetansesenter - TkVestland - sentralt, med omsyn til rådgjeving, kursing og klinisk, praksisnær forskning. Tannhelsetenesta skal spesielt gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod til (prioriterte grupper som) barn og unge 0-18 år, personar med (psykisk) utviklingshemming i og utanfor institusjon, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie (inkl personar med psykisk lidning) og til personar med ruslidingar. For å få dette til, er kommunane ein av våre viktigaste samarbeidspartar.

I den reviderte strategien for forskning og innovasjon, vert det lagt vekt på Helse Førde sitt samarbeid med kommunane. Vestland tannhelseteneste har utarbeidd samarbeidsavtalar med kommunane i Vestland. Avtalane skildrar korleis samarbeidet mellom kommunen og tannhelsetenesta må vere for at vi skal kunne gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod i heile Vestland. Samarbeidsavtalane er nyleg revidert og skal (ny-)signerast med alle kommunane i løpet av 2020. Avtalane er spesielt med på å sikre eit godt tannhelsefagleg tilbod til våre prioriterte grupper. I tillegg er samarbeidsavtalane eit «verktøy» for tannhelsetenesta i arbeidet med å jamne ut sosiale skilnader i helse mellom folk. I eit folkehelseperspektiv er samarbeidet med kommunane med på å skape forståing for at tannhelse heng nøye saman med folk sin generelle helse, trivnad og velvære.



## Folkehelse

Det breie folkehelsearbeidet til fylkeskommunen handlar om levekår og livskvalitet. Sosial utjamning er ei rettesnor for folkehelsearbeidet. Der har helsevesenet få verkemiddel. I HelseOmsorg21 er god folkehelse definert som god (fysisk og mental) helse for innbyggjarane.

Fylkeskommunane har ei lovpålagd oppgåve å støtte kommunane i deira tverrsektorielle og systematiske folkehelsearbeid. I vårt folkehelsearbeidet er difor samhandling med kommunane og å støtte innovasjon i kommunesektoren sentralt.

Om *Mål 4 Utvikle forskingssamarbeid med kommunane.*

Til liks med helsevesenet har også fylkeskommunane både ei rettesnor og eit krav om kunnskapsbaserte tiltak i folkehelsearbeidet - dette er spesielt gjenspegla i Program for folkehelsearbeid i kommunane, barn og unges livskvalitet og psykiske helse (0-24 år). Dette er eit 10-årig program der alle fylka i landet no er innlemma. Krava til fylkeskommunen minner såleis mykje om retningslinene sett opp i HelseOmsorg21:

*(...) Det må utvikles nye regionale samarbeidsorganer for forskning mellom kommunene og forsknings- og utdanningsinstitusjonene. Disse må ha tett dialog med eksisterende regionale samarbeidsorgan. HelseOmsorg21 anbefaler: HelseOmsorg21 helhetlig instituttsektor for kommunene gjennom en videreutvikling av dagens kompetanse-, kunnskaps-, utviklings- og forskningssentre som er innrettet mot kommunenes behov. (...) Det må forutsettes at disse tydelig knyttes opp til forsknings- og utdanningsmiljøer (UoH-sektor) og til kommunesektoren, og får en målrettet kvalitetsforbedring gjennom nasjonale tiltak. (sitat slutt) HelseOmsorg21, s.38.*

Dette opnar for samarbeidsområde etter kvart som desse måtte utkrystallisere seg.

**System for å utvikle og ta i vare innovasjonskompetanse** kan vere utfordrande å få på plass.

Helse Førde kunne vurdert å ha tydelegare formulerte mål og indikatorar for kompetanse på innovasjonsverktøy, samskaping og medverking, som ein ønsker å nytte. Det finst ikkje standard indikatorar som for forskningssida (tal personar med Ph.d., til dømes), som ein lett kan innføre, men det er verdt å vurdere eit litt tydelegare grep i strategien for å fremme systematisk innovasjonsarbeid.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen  
Seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*